

Maren Marie f.1903 d.1977.

Ho måtte tidleg ut å tjene på forskjellige plassar i Leirfjord og Sandnessjøen. Etter at ho hadde gått husmorskolen på Toppen vart det betre om arbeid til betre løn. Ho dreiv og ein del som sydame.

I 1935 vart ho gift med Harald Einmo, og flytte då til heimen hans. Etter at garden vart delt i to tok dei seg bureising på den indre delen som dei kalla Vonheim.

I 1944 viste det seg at ho hadde fått tuberkulose, så ho måtte då på sjukehus og sanatorier i 3 år, då ho var så bra at ho kunne flytte heim att. Om nokre år vart ho då så bra at ho kunne stille huset, men etter kvart så var både lungene og hjarta så slitne at ho døde i 1977.

Ho hadde fire barn, men den elste Edmund døde 1 1/2 år gamal.

Knut f.1906 d.1932.

Han var det meste av sit vaksne liv på sjøen under skiftande forhold, fra juksafiske på Finnmark til storsildfiske på Vestlandet og selfangst på ishavet. Skjelgraving haust og vinter og somarfiske ute i øyane dei siste åra.

Han fekk tuberkulose, og var på Vensmoen ei tid, men kom så heim og døde.

Han hadde eit barn Ole, med Kristine Johnsen.

Karen f.1909.

I ungdomsåra var ho lenge tjenestejente i Holmvika og i Båtstø.

Ho vart gift med Alf Johnsen Løkås, og dei bygde seg hus på Dalan - Løkås.

7.

Margrethe Lindseth f.1868 d.1948.

Som dotter til Gurine og Hågen Lindseth vaks ho opp på garden Åsen indre, der ho for det meste budde og hjelpte til i det vanlege arbeid til ho vart gift med Nils Olsen.

Ho vart ofte tilkalla under fødsler når det mangla ordinær jordmor. Ellers var ho halden for ei snill og arbeidssom kone.

8.

Christopher Mørk Sørensen f.1846 d.1911.

Han var fødd på garden Bjørnum, Laurvig distrikt i Sandnes prestegjeld i Telemark. Han gjekk lærarseminaret i Sandefjord som heilt ung mann, og kom 17 år gamal til Leirfjord som lærar.

Han fekk i 1868 eit barn med Jensine Pedersen Tveråbakk, som ho gav namnet Aleksander Mørk.

Straks etter vart han gift med Marie Sivertsen Moen. På grunn av at han hadde fått eit "uekte" barn, måtte han slutte som lærar, og starta så handel på Breiland. Der var og eit lite gardsbruk som fulgte med, og som dei dreiv.

Om ei tid fekk han seg arbeid som kontormann og tilsynsmann på Nesbruket i Vefsn sin filial i Grane. Då dette vart lagt ned ei tid kom han seg inn på kontoret i Narvik til dei som stod for bygginga av jernbana Narvik-Kiruna, og han vart då i Narvik til